

---

**Fra:** Hogne Haugsdal

**Sendt:** 25. august 2016 09:21

**Til:** Ingvild Kirsti Hjelmtveit; Øyvind Helland Oddekalv; Jon Askeland; Jarle Landås; Per Lerøy; Jan Olav Osen; Stian Herøy; Ingebjørg Vamråk

**Kopi:** Ørjan Raknes Forthun; Ordfører Lindås

**Emne:** Politisk godkjenning av intensjonsavtale om nytt regionalt hamnesamarbeid

Til ordførere og rådmenn i Meland, Radøy, Austrheim og Fedje

I vår har det vore ein prosess for å etablere eit nytt hamnesamarbeid med dei kommunane som i dag er med i BOH. 17. juni blei det underskrive ein intensjonsavtale om å etablere eit nytt selskap, med atterhald om politisk godkjenning i alle kommunar. Det blir no lagt opp til ein prosess der alle kommunane godkjenner intensjonsavtalen og utkast til vedtekter. Bergen kommune har allereie handsama saka og Lindås kommune skal ha intensjonsavtalen til politisk handsaming i neste veke. Lindås vil handsame endelige vedtekter i ei eiga sak i oktober. Målet er at eit nytt selskap skal vere operativt frå 01.01.17.

Det er viktig at alle kommunane legg opp til ei politisk handsaming av denne saka. Vedlagt finn de underskrive intensjonsavtale og utkast til vedtekter. Eg har også lagt ved saksutgreiinga til Bergen kommune som de kan nytte som eit grunnlag. Eg kan også bidra til informasjon og fakta for eit saksgrunnlag, ta kontakt om de har behov for det.

I tillegg har eg lagt ved eit forslag til korleis ein ser for seg verv og representasjon frå A-aksjane i det nye selskapet.

Underteikna har representert Nordhordland i den administrative arbeidsgruppa som har jobbe med etablering av selskapet.

Mvh



Hogne Haugsdal  
Assisterande rådmann  
Lindås kommune  
Tlf: 99574946